

Vekeplan, veke 2

4. klasse

Namn:

Info:

- Tusen takk for den flotte gaven eg fekk på juleavslutninga. Eg sette stor pris på den!
- Velkommen tilbake og godt nytt år! Eg håper alle har hatt ein flott juleferie!
- No er det slutt på symjinga, og istaden er det norsk i 2. time på torsdagar.
- Fredag i siste økt kjem dei frå «Songskattane» for å øve på songane med 4. klasse. Denne veka blir det tekstøving i leselekse. Alle elevane fekk eit hefte med songtekstane i haust som dei til no berre har brukt på skulen. Det får dei med seg heim no, men dei må ha det med i sekken kvar dag unntatt onsdag. I tillegg ligg alle lydfilene og tekstane på Showbie i oransje mappe «Songskattane». Du skal lære deg dei versa det står «alle» på. Spill av lydfilene og syng med når du øver så får du rett rytme og pausar på rett stad.
- Kveldskonserteren for foreldre og føresette er som tidlegare annonsert torsdag den 5. mars. Frammøte i Storstova kl 16.45 for elevane. Konserten begynner 17.30.
- Skulekonsert i Storstova er onsdag 4. mars på dagtid.

Mål:

Lesing/skriving:	- Eg øver på tekstane til Songskattane og lærer mest mogleg utenat. - Eg kan skrive øveorda. - Eg kan ordtak og forstår kva dei betyr
Rekning:	- Eg veit forskjellen på rektangel, kvadrat, femkant og sekskant. - Eg veit forskjellen på ein likebeint, likesida og rettvikla trekant.
Engelsk:	- I know something about Roald Dahls "Georges marvellous medicine" - I can tell about the book og Roald Dahl
Sosialt:	- Eg tek alle med i leiken

Øveord: (Desse skal du kunne skrive på målprøven på fredag)

havresekken – stammen – morgonstund – bekken – velgjort

Gloser

marvellous – fantastisk, yelled – hylte, grew- vokste, size – storleik, watching – ser på.

Ein skal ikkje setje bukken til å passe havresekken.



Lekser til

Tysdag:	Norsk: Øv supergodt på «Da klokka klang», «Kattane våre» og «Vi har en tulle» (Sjå Info på vekeplanen) Matte: Gjer s. 58 i multi 4 oppgåvebok. Ta med underskrift på gongeprøve
Onsdag:	Norsk: Øv supergodt på «Geitrams», «Nei, nei gutt», «I Bakvendtland» og «Bolla pinnsvin» Engelsk: Les s 47 og 48 i Quest Textbook høgt for ein vaksen 2 gonger, den føste gongen på engelsk, den andre gongen på norsk og les 1 gong for deg sjøl på engelsk. Skriv glosene i den raude <u>gloseboka</u> di. Hugs gymtøy, handkle og såpe.
Torsdag:	Norsk: Øv supergodt på «Teddybjørnens vise», «Så rart», «Kvelden lister seg på tå» og «Våre små søsken»
Fredag:	Norsk: Øv supergodt på «Egner potpurri» Matte: Gjer s. 59 i multi oppgåvebok. Øv 15 min på 6-10 gongen.

Forventa timeplan denne veka.

	måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag
8.15-9.45	Engelsk ER	Matte Musikk EH	Naturfag LT	Norsk GS	Matte EH & MH
9.45-10.00	Friminutt	Friminutt	Friminutt		Friminutt
10.00-11.00	Matte EH	Samfunn 3+4 MH	Engelsk ER	Norsk GS	K&H GS
11.00-11.40	Mat og friminutt	Mat og friminutt	Mat og friminutt	Friminutt	Mat og friminutt
11.40-13.10	Norsk Olweus GS	Norsk GS	Gym 3+4 GS	Krle 3+4 MH	Øving på songskattane GS
Skulen sluttar 12.40					

GS= Grete Stokke AI = Aina Idland. MH= Margaret Harestad EH = Elisabeth Haagensen LT= Lars Tjelle
ER = Erik Røyland.

